



Fylkesstyret:

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar	Møtt	95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar	Møtt	48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	Møtt	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem	Møtt	41518991	hfraf@broadpark.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	Styremedlem	Møtt	99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Erik Olufsen, 6690 Aure	1. vara	Møtt	97787421	erik.olufsen@sweco.no
Petter Melchior, 6214 Norddal	2. v+Utsending	Møtt	92283477	petter.melchior@c2i.net
Christine Strandmann, Keiser Wilhelmgate 62, 6003 Ålesund	Fylkesleiar BKL	Møtt	99244515	cstrandmann@hotmail.com
Arnhild Heggemli Harstad, Rød, 6631 Batnfjordsøra	Fylkesleiar BU	Forfall	41605033	arnhild.bu@hotmail.com
Til orientering:				
Elling Kvammen, 6440 Elnesvågen	3. vara		91824069	elling.kv@hotmail.com
Sekretariatet møter:		Tlf. arbeid		
Gunnar K. Wentzel - Møtt	org.-sjef	71202897	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlien - Møtt	rådgevar	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen - Møtt delvis	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad – Møtt delvis	førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag og møte for årsmøteutsendingane til Norges Bondelag måndag 30. mai 2011 kl. 10.30 – 17.00 på møterom 3. etasje Felleskjøpet i Molde

På slutten av styremøtet var det ei enkel markering med kake og gåver til organisasjonssjef Gunnar Wentzel, som går av for aldersgrense 62 år, gjeldande frå 1. august 2011.

1/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar ber om framside med sakene, i alle fall når det er så mange saker.

Vedlegga nummerert med saksnr også.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend

2/2011 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 28. og 29. mars 2011

Vedtak: Protokoll frå styremøtet 28. og 29. mars godkjend.

SAK 24/2011: Jordbruksforhandlingane 2011 – oppsummering og vidare arbeid

Vedlegg: Innspel til Norges Bondelag om den formelle handsaminga av jordbruksavtala sendt av leiar.

Vedlegg: Kopi av ein del mail og liknande. Med reaksjonar på jordbruksforhandlingane.

Vedlegg: Uttale frå landsmøtet i KrF 30. april – fremma av M&R KrF

Fylkeslaget har fått ein utmelding grunngjeve med jordbruksavtala.

Elles har leiar i Rindal Bondelag Tore Simonset valt å leggje ned sitt verv og fylkeslaget har vore i kontakt med han og styret i Rindal om det vidare arbeidet. Nationens nettside skriv at: Eg trekkjer meg som leiar både i protest mot at det blei inngått ein altfor dårleg avtale, men også ikkje minst fordi eg ikkje kan stå inne for resultatet. Årets oppgjer får ikkje ungdommen til å vilje satse på ei framtid i yrket, og det er alt for dårleg etter det partia sjølv sa på landsmøta. Vidare skriv han: Ser mange av dere har meldt dere ut av bondelaget og vurderer det, til opplysning så har eg ikkje meldt meg ut av bondelaget, håper dere vurderer medlemskap igjen for de er å stå samla som er viktigst, jo flere vi er samlet i organisjonen så blir vi heller hørt. Meld dere inn og møt opp på møter og si deres mening, dere blir helt sikkert hørt på, for de vil eg fortsatt gjøre.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 907 29 582	E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

Dette kom fram i styret m.a.:

Aksjonar ønskjer medlemene der makta er i Oslo. Rette frustrasjonen overfor dei rette.

Det viktigaste er arbeidet vi gjer med påverknad heile året. Nå bykulturmedia.

Mange medlemmer litt oppgitt over heile systemet og føler vi blir latterliggjort gjennom media fordi alle veit vi aksepterer eit langt lågare tal.

Gapet mellom krav og resultat er ein utfordring for alle organisasjonar.

Dei mest frustrerte er dei unge som har lyst til å satse.

Ser av fordelinga av tilskot som er offentleg at ein har lite igjen for å investere. Bruker potten feil.

Leiaren opplyste at ein del fylkesleiarar har sendt eit brev til styret i Norges Bondelag. Tretten har

skreve under om satse på fire punkt, m..a.: Infoavd. styrkast. Politikarkontakt mot sentrale Ap og Sp.

Aksjonsberedskap styrkast.

Vedtak om arbeidet med jordbruksavtala:

Styret viser til pressemelding med reaksjon på inngått jordbruksavtale sendt frå fylkeslaget etter drøfting i telefonstyremøte 16. mai om kvelden.

Styret meiner arbeidet med aksjonsplanane var kome langt nok i forhold til uttalt aksjonsberedskap og aktuelle tiltak. Styret, kontoret og lokallaga har så mykje erfaring med handtering av bodskap og media at vi kunne sette i verk dei aktuelle tiltaka på den tid vi ville få til konkret førebuing. Styret meiner det ville gå greitt å fylle fylket sin kvote til aksjonsdagen i Oslo som var meldt til laga.

Styret vil på Leiarmøtet eller Fylkesårsmøtet drøfte om det er aktuelt med regionale aksjonskomitear.

Styret ønskjer å følgje opp heile handsaminga av jordbruksavtala i organisasjonen og prosedyre for godkjenning av avtala med utgangspunkt i innspel sendt Norges Bondelag av leiar. For å redusere det omfattande arbeidet og ansvarleggjere organisasjonen kan ein mulegheit vere å sende ut høyringsdokument med forslag til krav og fordeling til høyring. Representantskapet i mars så handsame konkret forslag til fordeling.

Jordbrukets krav vart lagt fram 28. april.

Telefonmøte med fylkesstyret 11. mai 2011 kl 21.00-22.00

Tema: Statens tilbod, som vart lagt fram 6 dagar forseinka.

Telefonmøte med fylkesstyret 16. mai 2011 kl 21.00-22.00

Tema: Framforhandla jordbruksavtale mellom Norges Bondelag og staten.

16. mai vart det semje mellom Norges Bondelag og staten om ny jordbruksavtale. Småbrukarlaget braut forhandlingane 16. mai.

Oppgjøret endte med en ramme på 1,42 milliarder kroner. Resultatet av forhandlingane vart 10.000 kroner utover Statens tilbod, i alt aukar inntektsmogelegheitene med 25.000 kroner per årsverk. Eit viktig tiltak i avtala for å auke bondens inntekter er fjerning av matproduksjonsavgifta på 280 millionar kroner. Noko som gjer at bonden kan auke sine prisar tilsvarende. Jordbruksavtala som Norges Bondelag og Staten vart einige om, inneber at jordbruket får ei inntektsutvikling på linje med andre grupper, dekkja auka kostnader samt eit lite låginntektstillegg.

Styret i Norges Bondelag godkjente på møte 20. mai den framforhandla jordbruksavtala for 2011/2012.

Info-tiltak og arbeidet med jordbruksforhandlingane i fylkeslaget:

Stand på FK-veka i Molde 14. – 16. april: Fylkesbondelaget hadde stand alle tre dagar. Frå styret/kontoret deltok: Arild Erlie, Anne Turid Myrbostad, Atle Frantzen, Gunnar Wentzel og Anne Katarine Jensen.

Kontakt med politikarane: Fylkeslaget har vore i kontakt med nokre fylkespolitikarar og stortingsrepresentantar om forhandlingane.

E-post til 5 stortingspolitikarar 28. april den dagen jordbruket la fram sitt krav:

Else-May Botten (Ap), Harald Tom Nesvik (frp), Elisabeth Røbekk Nørve (H), Rigmor Andersen Eide (KrF) og Jenny Klinge (Sp):

Jordbruksforhandlingene er i gang!

Vi regner med at stortingsgruppene formelt og uformelt vil drøfte jordbrukets krav og etter kvart staten sitt tilbod som er venta neste uke. Vi merker oss med interesse at Mørebenken er svært aktive i næringspolitikken. Vi vil derfor få understreke for dere noen viktige punkter i kravet som er svært positivt innretta sett fra heimfylket. Vi gleder oss over at rekrutte-

ringa til næringa nå går bedre i noen kommuner i fylket, mens andre venter på en skikkelig konkurransedyktig inntektsutvikling som viser at næringa har lite å gå på:

Utgangspunktet for forhandlingene er behov for å ta igjen lavere inntekt enn forutsatt i fjor pga uforutsette kostnadsøkninger. Videre å få samme kronetillegg som andre og et låginntekstillegg.

Budsjettmidler: Økte bevilgninger over statsbudsjettet på 1.875 mill kr er en viktig forutsetning for å nå mål for Vestlandsfylka. Det gjelder slikt som :

Mjølkeproduksjonen med kraftig satsing på økt driftstillegg.

Distriktstillegg med 4-5 øre pr liter mjølk mener vi er svært viktig stimulans basert på faktisk leveranse og med garantert distriktseffekt.

Beitetillegg.

Investeringsvirkemidler som er en del av inntektsavtala kunne vært økt ennå mer som et viktig rekrutteringstiltak og trygge de som satser.

Prosenttoll på ost og smakstilsatte mjølkeprodukt samt for grønt er svært ønskelig for å sikre innenlandsk produksjon og konkurransevne. **Grønt:** Valldal har 50% av landets produksjon av industrijordbær, Sunndal potet og Smøla gulrot.

Vi konstaterer at "noen" er aktivt ute i media i forkant for å ivareta noen andre sine interesser.

Overføringer til næringa over statsbudsjettet utgjør en historisk liten andel av BNP i verdens dyreste land, og matkostnadene er blant Europas laveste målt etter inntekt.

Familieinntekt i SSB: Vi forhandler om inntekt til matprodusenter målt på omforent måte som også inneholder en kontrakt for å oppfylle visse samfunns mål, og ikke om levekår for alle som har en landbrukseiendom.

Jarlsberg og eksport av ost: Dagens produksjonsmål er en fordel for en sikker forsyning av mjølk gjennom hele året. Den norske posisjonen ved en evt WTO-avtale, og som næringa har godtatt, er at eksportstøtten vil bli faset ut. Dagens priser på verdensmarkedet er stigende, men fortsatt kunstig lave i forhold til faktiske produksjonskostnader i mange land og mye vil skje framover som endrer bildet. Tine meieriet i Elnesvågen produserer Jarlsberg.

Med vennlig hilsen Inge Martin Karlsvik Gunnar K Wentzel

Pressemeldingar og lesarinnlegg:

Lesarinnlegg 10. mai til media frå M&R Bondelag:

Tull om toll på ost

Møre og Romsdal er eit mjølkefylke med ein tidel av produksjonen i landet. Mjølka blir i Tine-meieria til fine merkevarer som Jarlsberg, Ridder, Snøfrisk, Edamer, Port Salut, søst, og til fleire nye gardsostar.

Frå sommaren blir den tollfrie kvoten for import av ost frå EU-landa fordobla til 7.200 tonn. I praksis betyr det at heile dagens osteimport blir tollfri. Det er ikkje alt dette som gir meir variert ostedisk. For 1 150 tonn er smørjeosten Philadelphia produsert i Tyskland, og 2 000 tonn er dansk kvitost. Med dagens forbruk har forslaget frå Norges Bondelag om å gå over frå kronetoll til prosenttoll på ost ingen verknad for prisane eller mangfaldet. Faktisk skulle noko av importosten bli billigare om ikkje nokon stikk av med mellomlegget.

Jordbruksforhandlingane dreier seg slett ikkje berre om inntekta til bøndene. Det gjelder matforsyninga til vårt land som er 1 million fleire om 20 år. Det er råvarer til landets nest største industrigrein, matforedlingsindustrien. Det handlar om miljø og arbeid over heile landet.

Det norske folk spiller for 26 milliardar kroner årleg. Det tilsvarar beløpet som går tilbake til bøndene frå betalinga i butikken for all maten vi forhandlar om i jordbruksavtala. Eller altså førstehandsverdien av eit årsforbruk av norsk kjøt, egg, mjølkeprodukt, kornvarer, potet og masse grønt. Alt er dyrare i Norge. Men i forhold til inntektsnivå er maten blant dei seks billigaste i Europa og utgjør vel 10% av forbruket.

Finansdepartementet veit at aldri før har løyvingane til vår nasjonale matforsyningsavtale vore lågare målt i faste kroner eller som del av statsbudsjettet. Det utgjør ein tredel av forsvarsbudsjettet. Bøndene sin effektivitetsutvikling har vore større enn i norsk industri og på 6% årleg siste tiåret. - Dette kjem ikkje fram i skitpakkene som nokre forskarar på Handelshøgskulen leverer kvart år omtrent på denne tida.

Inge Martin Karlsvik, leiar og Gunnar K Wentzel, organisasjonssjef, i Møre og Romsdal Bondelag

Pressemelding 11. mai frå M&R Bondelag på staten sitt tilbod:

Alt for dårleg

Statens tilbod til jordbruket er alt for dårleg. Det er skuffande at staten seks dagar på overtid våger å tilby bøndene eit prosenttillegg på ei inntekt som alt er for låg. Vi var glade når regjeringspartia og delar av opposisjonen i fylket og sentralt har peika på behovet for å styrke norsk matproduksjon. Dei uttalte at bøndene må få lik inntektsutvikling og representerer ei låginntektsgruppe. Dei har peika på at investeringar også er viktig for rekrutteringa.

Dette seier ein veldig skuffa fylkesleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik. Den 36 år gamle bonden frå Eide har sjølv satsa mange millionar på moderne mjølkeproduksjon forutan litt sauehald for å nytte fjellbeita på Romsdals-halvøya.

Alle bør forstå at næringa treng same kronetillegg pluss ei tetting av inntektsgapet til andre grupper, seier Karlsvik. Bøndene står klåre til å levere dei produkta samfunnet vil trenge framover. No er det meir aktuelt å sjå på kva for reaksjonar Bondelaget skal kome med. Finansdepartementet og noen sentrale maktpersonar bør skaffe seg nye rådgevarar som har beina på jorda.

Kostnadsauken har vore stor. Statens tilbod har liksom kravet ei viss prioritering av det arbeidskrevjande husdyrhaldet i distrikta. Det er positivt med satsing på mjølk med prisen opp 10 øre pr liter pluss driftstilskotet. Vidare på auka arealtil-

legg og vekt på beitebruk. Men vi forventar at staten følgde opp kravet om å justere opp distriktstillegget for mjølk med 5 øre.

Auken i investeringsmidlar er sagt å vere prioritert og var lågt nok i kravet. Tillegget vil knapt halde til nokre få fjøs ekstre her i fylket neste år. Midlane for i år var brukt opp alt i mars. Investeringsiltaka har garantert effekt på rekrutteringa så her må partane slutte å prate og gjere noko.

Regjeringa har skrytt av sin satsing på matproduksjonen. Eg skjønner ikkje at regjeringa ønskjer å gå til lokalvalet i haust i konflikt med bøndene og bygdefolk, landets nest største industrigrein som er foredlingsindustrien, og alle som er glade i norsk landbruk, seier ein frustrert bondelagsleiar Inge Martin Karlsvik.

Pressemelding 16. mai frå M&R Bondelag på inngått jordbruksavtale mellom Norges Bondelag og staten:

Skuffande jordbruksoppgjær

Bondelaget har i jordbruksavtala som vart inngått 16. mai forhandla opp staten sitt tilbod med ti tusen kroner. Men det er ikkje godt nok til å skape optimisme og rekruttering i næringa. Vi oppfattar statens opplegg som eit nedverdiggjande spel med ei heil næring som skal skaffe landet mat.

Leiar Inge Martin Karlsvik i Møre og Romsdal Bondelag meiner det hadde vore rett å ta eit brot for å markere at denne utviklinga vil ikkje næringa vere med på meir.

Forhandlarane har gjort ein god jobb og flytta matproduksjonsavgifta over på andre budsjett slik som i andre land, seier Karlsvik. - Det er produsenten som har betalt for kontrollen hos Mattilsynet. No kan pris til bonde auke tilsvarande utan at pris til forbrukar går opp. Dette gjeld også for importvare som difor vil bli billigare.

Sjølv om bondeleiar er kritisk peiker han på at inntektstillegga og kostnadsreduksjonen som Bondelaget har oppnådd tar næringa med seg inn i nye forhandlingsår. Avtala aukar inntekta for eit vanleg mjølkebruk på Vestlandetfrå på kr 286.000 med kr 26.000 pr årsverk. Prisen på mjølk går opp i to etappar med 19 øre det komande året. Tilsvarande svinekjøt skal opp kr 1,70, lam kr 2,05, og egg kr 1,66. Bygg går opp 11 øre, og med det kraftfôr 7 øre. Det ligg inne ein vesentleg auke i driftstillegga for mjølk, husdyrhald og beitebruk.

Karlsvik er skuffa over at distriktstillegget for mjølk ikkje vart auka slik som i kravet. Likeins burde det vere muleg å finne dobbelt så mykje pengar til investeringar slik kravet lød på. Han meiner det er uverdiggjande at partane kjem fram til semje om talgrunnlaget i Budsjettneimda, men så snart forhandlingane startar bruker staten heilt andre tal.

Fylkesleiar trur at når det vart ein avtale, kan ein takke for godt fotarbeid i Bondelaget gjennom heile året med bodstikke-stafetten gjennom alle kommunane i landet. Dette toppa seg med det store Bondetoget i Oslo i april. Inge Martin Karlsvik er takksam for at næringa har fått god støtte frå folk flest og politiske parti i vårt fylke.

Heimeside 29.04 Er optimist foran oppgjøret

Bondelagsleder Oddvar Mikkelsen i Surnadal tror jordbruket kommer til å få et godt oppgjør i år. - Vi har lov å være optimister i år. Signal fra de politiske parti i forkant av oppgjøret gir håp om en utjamning, sier Oddvar Mikkelsen til avisa DRIVA. På lederplass skriver avisa at "Å sikre et levedyktig norsk landbruk for framtida er og må være et spleiselag".

Heimeside 10.05 Unge Martinus går solo, men kystbonden er utryddingstruga

24-åringen Martinus Hjørungdal har aldri vore i tvil om yrkesvalet. No ventar han spent på jordbruksoppgjøret. – Hareid var ei stor landbrukskommune. No er det tre att med mjølkekvote, seier pappa og leiar i det lokale Bondelaget, Per Gunnar Hjørungdal, som driv Hjørungdal gard saman med sonen Martinus (SUNNMØRSPOSTEN)

Heimeside 16.05 - Landbruket må få et løft

Stortingsrepresentant Jenny Klinge (Sp) og Ap-ordfører Ståle Refstie er begge enige om at landbruket trenger et inntektsløft. Leder Oddvar Mikkelsen i Surnadal Bondelag er blant de mange tillitsvalgte som er skuffet over statens tilbud i landbruksoppgjøret (DRIVA)

SAK 18.2/2011: Bodstikke-stafetten - oppsummering

Vedtak: Styret meiner det var lagt eit godt politisk grunnlag ved å ta ut mest muleg tiltak før forhandlingane, slik som bodstikke-stafetten og bondetoget i Oslo 12. april. Positivt med oppsummering i møtet inne etterpå. Styret viser elles til oppsummeringa av aktivitetane som har vore.

For å synleggjere behovet for auka matproduksjon i Norge og kva landbruket bidreg med, arrangerte Norges Bondelag ein bodstikke-stafett som årets kampanje før jordbruksforhandlingane. Fram til stormarkeringa i Oslo 12. april var 40 bodstikker innom dei fleste 430 kommunane og alle 19 fylka i landet og samla inn visjonar og mål for landbruket frå bondelag og alliansepartnarar i forkant av den nye landbruksmeldinga. Bodskapen var behovet for auka matproduksjon i Norge, rammevilkåra i landbruksnæringa, inntektsutvikling som for andre grupper og investeringsmidlar.

Bodstikke-stafetten gjennom Møre og Romsdal **starta på fylkesårsmøtet i Molde 12. mars**. Då overleverte fylkesleiar Inge Martin Karlsvik kvar si bodstikke til lokallagsleiarane i Rindal Bondelag og Ørsta Bondelag. Bodstikka var innom dei fleste kommunane i fylket, for så å ende opp i Molde att 11. april. Deretter tok fylkeslaget med dei to bodstikkene til stormønstringa i Oslo 12. april.

Lokale Bondelag i alle kommunar vart oppmoda om å gå saman om eit opplegg, stort eller lite. Det kunne vere i samband med overlevering mellom kommunar, eller ved påskrift av eit bodskap på rullen i bodstikka. Det kunne vere på eit styremøte, medlemsmøte, på eit gardsbruk, eller anna sentral stad for næringa i kommunen.

Fylkeslaget sette opp og sendte ut reiseruta for bodstikkene i Møre og Romsdal på førehand. Lokale Bondelag organiserte sjølv overlevering av bodstikka til neste kommune. Dei 2 bodstikkene fekk påskrift av tillitsvalde og støttespelarar i **30 av fylkets 36 kommunar**. Bodstikkene vandra ca 850 km på kryss og tvers i M&R.

Bodstikkene vart totalt signert av 65 personar med ein visjon og bodskap. Bodstikka på Sunnmøre av 30 personar, og bodstikka på Nordmøre og i Romsdal av 35 personar. Fleire av desse var ordførarar frå alle politiske parti (Frp, H, KrF, V, Sp og Ap). Dessutan mange næringslivsfolk (også frå fiskeindustrien), og m.a. fylkesleiarane i Ap og KrF.

Bodstikke-stafetten gav god mediaomtale i papirutgåver og på nettsider. Fylkeslaget registrerte eller fekk tilsendt oppslag frå Tidens Krav, Aura Avis, Driva, Tingvoll.net, Trollheimsporten, Romsdals Budstikke, Sunnmørsposten, NRK Møre og Romsdal radio, Åndalsnes Avis, Vestnesavisa, Bygdebladet, Møre-Nytt, Møre, Sykkylvsbladet, Vestlandsnytt. Vi veit også mange andre avisredaksjonar var kontakta. Biletglimt og presseoppslag frå aksjonen i Møre og Romsdal vart fortløpande lagt ut på heimesida.

Ein delegasjon på 25 bønder og bygdefolk frå Møre og Romsdal deltok saman med over 600 andre frå heile landet på **Bondelagets stormønstring med opptog gjennom Oslos gater og arrangement foran Stortinget tysdag 12. april**. Litt vanskeleg tid for mange å delta på arr. Deltakarane ordna sjølv bestilling av billetter frå den flyplassen på passa best. Fylkeslaget hadde med ein plakater i A3 frå kommunebrosjyra for alle kommunar. Fylkesleiar i Bondelaget, Inge Martin Karlsvik, Eide, møtte Stortingspresidenten og overrekte bodskapa og visjonane frå landbruket i Møre og Romsdal. Fylkeslaget dekkja inntil kr 1.500 pr. deltakar i samla reisekostnader for ein frå kvart lag og for ein alliansepartner frå kommunen. Reisekostnader er stipulert til maks kr 35.000.

Heilside i Sunnmørsposten på slikt arrangement er sjeldant. Stortingsrepresentant Rigmor Anderesen Eide, KrF, Næringskomiteen, stod i lag med oss i regnet nesten heile tida framfor Stortinget.

Etter oppmøte og oppvarming i bakgården i Landbrukets Hus i Schweigaardsgate, var det opptog til gjennom Oslos gater til Stortinget saman med traktor, ei fire meter lang bodstikke, hornmusikk, bannere og plakatar. Foran Stortinget helste ordførar Fabian Stang velkomen til Oslo. Før overrekking av bodstikker til Stortingspresidenten, var det appellar samt underhaldning ved Jørn Hoel. Etter markeringa foran Stortinget, samla alle seg i storsalen til Normisjon, der det var fagleg seminar om auka matproduksjon for framtida. Etter seminaret samla vi 16 av delegasjonen som hadde tid til hyggeleg debriefing på Peppes i Stortingsgata.

Presseklipp:

Heimeside 29.03: Slår et slag for egen næring

Uten norsk mat og drikke, duger den norske helten ikke. De unge avløserne i Bådalen samdriftsfjøs sto for det verbale bidraget fra Averøy i Bondelagets budstikke-stafett. På bildet avløser Joar Bakken som viser fram budstikka som kom fra Frei, ble signert på Averøy og sendt videre til Eide. - Her er det mange gode innspill, konkluderer Joar Bakken til TIDENS KRAV.

Heimeside 07.04: Bodstikke-stafetten inne i si siste uke

Bondelagets to budstikker gjennom alle kommuner i Møre og Romsdal, som startet fra Rindal og Ørsta 14. mars, er nå inne i si siste uke. Sunnmørs-bodstikka gikk fra Stranda mandag, via Norddal, Stordal og Ørskog, før ho er på Vestnes fredag. Bodstikka nordom Romsdalsfjorden kom fra Rauma mandag, og går denne uka via Molde, Fræna, Aukra og Midsund. 11. april skal begge budstikkene ende opp i Molde, før fylkeslaget tar de med til stormønstringa i Oslo tirsdag 12. april.

Heimeside 09.04: Krev beredskapslager for korn på Vestnes

Vi oppmodar sentrale myndigheiter om å vedta oppretting av beredskapslager for korn. Dette var kravet då Bondelagets bodstikke-stafett kom til Vestnes fredag. Både dagleg leiar ved ANS Møre og Romsdal Kornsilø, Per Fylling og ordførar i Vestnes, Øyvind Uren (Ap), skreiv under på oppmodinga saman med Vestnes Bondelag. Dei er alle uroa for matvaresikkerheita og beredskapssituasjonen for matkorn. Det ligg godt til rette for beredskapslager av korn ved Kornsiloen sitt anlegg på Skorgeneset i Vestnes.

Heimeside 11.04: Visjonar og bodskap frå landbruket i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal Bondelags bodstikke, som har vore gjennom kommunane i fylket dei siste vekene, er med dei 30 bøndene frå Møre og Romsdal som tysdag 12. april deltek på stormønstringa i Oslo og overrekking av 40 bodstikker frå heile landet til stortingspresidenten. Det er venta 700 bønder og bygdefolk på markeringa med opptog gjennom Oslos gater og arrangement foran Stortinget.

Heimeside 13.04: Møringar på bodstikkemarkering i Oslo

Ein delegasjon på 30 bønder og bygdefolk frå Møre og Romsdal deltok saman med 700 andre frå heile landet på Bondelagets bodstikke-markering med opptog gjennom Oslos gater og arrangement foran Stortinget tysdag 12. april. Fylkesleiar i Bondelaget, Inge Martin Karlsvik, Eide, møtte Stortingspresidenten og overrekte bodskapa og visjonane frå landbruket i Møre og Romsdal. Stortingsrepresentant i Næringskomiteen, Rigmor Andersen Eide, frå KrF og Ålesund slutta seg til utsendingane i regnvéret i timen framfor Stortinget.

SAK 25/2011: Kommune- og fylkestingsvalet 2011- måndag 12. september

Vedlegg: Vedtak og saksframlegg i styret i Norges Bondelag

Følgjande tiltak vert vurdert sett i verk av Norges Bondelag før årets valkamp: Det blir laga ein informasjonsspakke til fylkes- og lokallaga som blir sendt ut før sommarferien med følgjande innhald:

1. Eit hefte med informasjon og oppsummering av Norges Bondelags syn på utvalde område
2. Eit spørjeskjema til listetoppene blir utforma og sendt ut via Questback.
3. Eit tipsark for tiltak som kan setjast i verk lokalt og på fylkesnivå

Aktuelle tiltak i Møre og Romsdal:

1 Møte med dei politiske parti:

Kan møte politisk leiing i kommunane ved nye utferder.

2 Brev til partia sine førstekandidatar til fylkes- og kommunevalet forutan stortingsrepresentantane, vår hjemmelaga brosjyre om landbruket i Møre og Romsdal saman med vår brosjyre om landbruket i den aktuelle kommunen. (I juni 2007 vart tilsvarande brev sendt til 240 førstekandidatar på vallister i 36 kommunar og 65 brev til fylkestingskandidatar som ikkje står på vallister til kommunevalet). Også til media.

Tema bl a: Jordvern. Næringslivspolitik. Forvaltning landbruk i kommunen. Eksemplifisere.

E-post 8. april frå Olav Håland - Kommunikasjonssjef TINE Sør/TINE Vest

Styret i TINE Vest hadde ei sak oppe 31. mars om valkampen. Essensen i føringane frå styret:

Styret syns dette arbeidet er viktig og meiner TINE skal engasjere seg. Styremedlemmane er positive til å delta. Det gjeld både eigarvalde og tilsettvalde.

Styret meiner vi skal vera positive til eit samarbeid med fagлага der det er naturleg. Det kan t.d. bety å støtte opp om tiltak Bondelaget set i gang der meieribesøk kan vera ein del av programmet.

I tillegg ser styret at TINE har behov for eigne møtepunkt med politikarane. Det kan vera i samband med valkampen eller til andre tider. Det kan difor vera naturleg at TINE inviterer politikarar til anlegga for å fortelje om verksemda vår og rammevilkåra for industrien.

Styret meinte og at det er viktig at vi utvekslar budskapa når vi møter politikarane slik at budskapa understøttar kvarandre.

Eg tok spesielt opp det du nevnte om Frp (og H)-politikarane i Ålesund. Dette tykte styret var eit godt tiltak og Jan Ove er klar til å bli med på det.

Vedtak: Styret går inn for dei skisserte tiltaka med brev til kandidatane. Det er spesielt ønskjeleg å få til møte med H og FrP i Ålesund-området saman med Tine, samt invitere politikarane i regionen.

SAK 26/2011: Arbeid med informasjon, rekruttering, likestilling og kompetanse

Vedlegg: Søknad om midlar for 2011-2012.

Møre og Romsdal Bondelag er tildelt frå fylkeskommunen kr 400.000 til gjennomføring av konkrete oppgåver innan rekruttering, likestilling og kompetanse for 2010-2011, og vil søkje for 2011-2012.

Dette er midlar frå jordbruksavtala, formidla av LMD via fylkeskommunen.

Dette kom fram i styret:

Gjerne faste tiltak som samlar unge bønder til fagleg og sosialt samvær. Gjermundnes VGS vil i morgon leggje fram sin plan for rekruttering til skulen og bruk av tilsvarande midlar.

Vedtak: Styret meiner arbeidet med rekruttering første året har vore ei vitamininnsprøyting, endra fokus i organisasjonen positivt, og det er gode tilbakemeldingar. Styret ser det som ønskjeleg å halde fram det prosjekt-orienterte arbeidet med Rekruttering over ein 3-årsperiode, og fullføre dei tiltaka som berre er oppstarta.

Kontoret legg fram forslag til opplegg for ei fagleg og sosial nettverksamling for unge medlemmer i tillegg til ei samling for Unge Bønder på vinteren. Gjerne på møteplass utanom Molde og med gardsbesøk.

SAK 27/2011: Prioriterte saker 2011-2012 - Frist for innspel 14. juni

Vedlegg: Prioriterte saker 2010-2011. Jfr også moment til neste sak.

Styret i Norges Bondelagskal ha møte den 22. juni, der hovudsaka er prioritering av saker neste arbeidsår. Norges Bondelag ønskjer korte innspel til hovudsaker til dette møtet. Saka skal opp på årsmøtet i Norges Bondelag i samsvar med Fornyingsutvalet sin tilråding.

Innspela bør kome på plan:

- Overordna – kva bør vere Norges Bondelags viktigaste strategi og arbeid kommande år

- Arbeidsfelt og saker innanfor eige fagområde – sånn ca på nivå med saker i forrige års plan. Desse bør støtte opp om hovudprioriteringane.

Vedtak: Styret vil tilrå som strategi at punktet om ”Inntekt, rekruttering og investeringsmulegheiter” blir sett opp som det einaste hovudpunktet. Ekstern kommunikasjon må også handle om dei andre prioriterte sakene.

SAK 28/2011: Årsmøtet i Norges Bondelag på Lillehammer 8. og 9. juni

Utsendingar frå Møre og Romsdal er forutan fylkesleiar Inge Martin Karlsvik dei årsmøtevalde utsendingane Anne Katrine Jensen, Birgit Oline Kjerstad, Hans Frafjord, Arne Rekkedal, Erik Olufsen og Petter Melchior. Organisasjonssjef Gunnar Wentzel har bede om at rådgjevar Arild Erlie møyter i staden for seg slik at kontoret får med seg erfaringane frå årsmøtet.

Odd Chr. Stenerud, Giske, deltek som ordstyrar i årsmøtet.

Vedtak: Styret vil arbeide vidare med å fremme desse sakene og ved desse utsendingane:

Leiar Inge Martin i generaldebatten: Handsaminga av jordbruksavtala i organisasjonen og prosedyre godkjenning. Jfr Vedlegg med innspel sendt Norges Bondelag av leiar med desse hovudpunkta: NB sende ut høyringsdokument med forslag til krav og fordeling. Rep.skapet i mars handsame konkret forslag frå NB. Ønskjeleg å ansvarleggjere organisasjonen. Arbeidsmåten i dag krev mykje tid og ressursar i heile organisasjonen og tærer hardt på. Ønskjeleg meir tid på faglege oppgåver.

Birgit Kjerstad i generaldebatten om landbruksnæringa i media og kommunikasjon. Alle sender henne moment.

Hans Frafjord til landbruksmeldinga – forventningar til meldinga.

Petter Melchior til arbeidsplan og prioriterte saker for Norges Bondelag ta opp at punktet om ”Inntekt, rekruttering og investeringsmulegheiter” blir sett opp som det einaste hovudpunktet.

SAK 29/2011: Open Gard 2011

Fylkeslaget deltek om vi blir førespurd og kan ha ein ministand med plakats og materiell.

Arrangørar av Open gard i Møre og Romsdal i 2011

DATO	ARRANGØR	VERTSKAP	STAD	MERKN/INFO	Repr. frå styret
25.-26. juni	Skjåstaddalen BL	Maria Rørstad	Bjørke		
21. aug	Tingvoll BL	Waagen			
21. aug	Austefjord BL				
21. aug	Fræna BL ?	Jon Arve Kroknes	Elnesvågen	Svar i mai	

SAK 30/2011: Årsmøterunden i lokallaga i oktober

Vedlegg: Framlegg til datoar for årsmøta i lokallaga

Ved handsaming av arbeids- og tiltaksplan for 2011-2012, konkluderte fylkesårsmøtet i mars med at det var eit overveldande fleirtal for at fylkeslaget set opp plan for årsmøta i lokallaga i oktober.

Fleire fylkeslag og andre organisasjonar som Allskog og Tine sett opp dato for årsmøta lokalt.

Etter mal frå Sør-Trøndelag Bondelag er det sett opp eit framlegg til møteplan for årsmøterunden.

Framlegga til ”fadder”-person betyr ikkje at ein må møte på årsmøtet, fadder = kontaktperson for gjennomføring av årsmøtet.

P.g.a. dårlig oppmøte på mange årsmøter tidlegare år, må vi tenkje nytt. Fleire lag kan slå seg saman om å halde fagmøte/årsmøte.

Fleire av lokallaga som er i same kommune eller er i nærleiken av kvarandre, er sett opp same dag.

Fylkeskontoret sender før sommarferien ut liste med datoar og forslag til tema/innleiarar. Lokallaga gir tilbakemelding innan 15. september om endeleg dato for årsmøtet.

Vedtak: Styret går for det skisserte opplegget og ønskjer sterkt fokus på gjennomføring av alle lokale årsmøte i tidsrommet, og vil at styre og kontor medverkar til at det skjer. Lokallagsårsmøta bør haldast i tida 3. – 21. oktober. Fylkeslaget møter der ein blir bede om det.

Styret ønskjer at lag som ikkje har hatt årsmøte på fleire år skal slå seg saman med nabolaga. Lag som ikkje vil slå seg saman må halde årsmøte og stille eit styre. Det blir sendt brev til dei einstilte medlemene i Geiranger og til Bjørkedal og Kilsfjord at fylkeslaget vil førebu samanslåing med nabolaget slik at medlemene får dei tilbod dei har krav på gjennom lokallag.

SAK 31/2011: Samrådsmøte for lokallaga i Bondelaget og Bygdekvinnelaget – ”vi sparkar i gang”

Ein felles ”samrådsdag” / konferanse mellom Bygdekvinnelaget og Bondelaget. For Bondelaget bør det vere tidleg, dvs i september, som oppstartmøte før lokallagsårsmøta i tida 3. – 21. okt.

For Bondelaget aktuelt å belyse tema rekruttering, likestilling og nettverk, og desse tema burde kunne flettast saman med ”Open bygd”. BKL sitt prosjekt ”Bygdekvinnelaget opnar bygda” kan vere aktuelt i denne samanhengen med innleiar(ar) som kan nyttast, Kathrine Kleveland og NBK sin prosjektleiar.

Tema som kan flettast inn og vinklast mot ovenforståande:

- organisasjonsarbeid på generelt grunnlag
- bygdepolitikk (evt. dra inn politikere eller byråkrater ?)
- ”Bygdenæringer” - korleis rekruttere til bygdene og utvikle næringar?

Felles samling om to innlegg/tema før lunsj og samling kvar for seg etter lunsj.

Norges Bygdekvinnelag har inspirasjonseminar i Kristiansand laurdag 24. september.

Vedtak: Styret går inn for å prøve felles Oppstartseminar eller Samrådsmøte med lokallaga i forkant av sesongen **laurdag 17. sept** i Molde. Halve dagen i lag med Bygdekvinnelaget.

Bygdeungdomslaget blir kontakta om dei er interesserte.

SAK 32/2011: Program og opplegg for Leiarmøte utvida for lokallagsstyra 4.- og 5. nov 2011

Rica Seilet Hotell, Molde, er tinga.

Norges Bondelag vil lage meir felles opplegg. Leiarmøtet dels som kurs.

Fredag: Temakurs. 1. For nye styremedlemer i laga. 2. Landbrukspolitisk kurs

Laurdag: Utvida Leiarmøte.

Dette kom fram i styret: Aktuelle innleiarar kan vere: Næringslivsleiarar frå fylket. Reidar Almås.

Kommunikasjonstrategien til Norges Bondelag og arbeidsgrupper på dette.

Vedtak: Styret vil invitere heile styret i lokallaga også i år.

Det blir lagt fram utkast til timeplan på neste styremøte. Spørsmål om møtegodtgjersle til styremedlemene i laga for ein kursdag blir avklart med Norges Bondelag.

SAK 33/2011: Førebels drøfting av landbrukskonferanse og fylkesårsmøte 9. og 10. mars 2012

Rica Seilet Hotell, Molde, er tinga.

Fredag: Landbrukskonferanse i lag Fylkesmannen og Landbruk Nordvest.

Tema og innleiarar framlegg: Dyrevelferd.

Invitere elevar på Gjermundnes.

Lysbilde presentasjon i pause eller som innleiing og med musikk.

Laurdag: Årsmøtesaker

SAK 34/2011: Fastsetting av datoar for styremøta hausten 2011

Bioforsk på Tingvoll inviterer styret til å halde styremøte på Tingvoll.

Måndag 19. september på Molde. Tema: Årsmøterunden.

Tysdag 18. oktober

Tysdag 6. og onsdag 7. desember, gjerne på Skarstua

SAK 35/2011: Samling for unge nye bønder i 2012

Samling for unge, nye bønder er halde kvart andre år, m.a. på grunn av liten påmelding. Men i 2011 hadde vi heile 80 deltakarar. Fylkeskontoret gjer framlegg om at det også i 2012 vert halde samling, og denne gang laurdag og sundag.

Dette kom fram i styret:

Om muleg med gardsbesøk.

Sjå på korleis samarbeid i lokallaga kan skape miljø for unge medlemmer regionalt.

Det er framleis ønskjeleg å ha felles samling i lag med samvirke så vi vil melde det til organisasjonane.

Vedtak: Det blir arrangert Unge bønder-samling laurdag 28. og søndag 29. januar 2012

SAK 36/2011: Ansettelse av organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag

Organisasjonssjef Gunnar Wentzel har ønsket å gå av for aldersgrense 62 år, gjeldande frå 1. august 2011. Stilling er utlyst med søknadsfrist 10. mai. Det har kome 10 søknadar.

Assisterande generalsekretær i Norges Bondelag, Knut Hoff og fylkesleiar Inge Martin Karlsvik, har kalla inn til intervju av aktuelle kandidatar på fylkeskontoret fredag 27. mai.

Fylkesstyret skal gje innstilling til styret i Bondelagets Servicekontor AS som tilsett organisasjonssjef.

Vedtak: FORTRULEG personalsak

SAK 37/2011: REGIONALT MILJØPROGRAM 2011 – Frist 1. juni

I Regionalt Miljøprogram for Møre og Romsdal blir det ingen reelle endringar i 2011. Dei to tidlegare åra har endringane vore relativt store, delvis som fylgje av føringar i jordbruksavtalen.

I vinter har det vore drøftingar med samarbeidspartar om meir vekt på jordkultur. Vi ser at det er areal som er prega av til dømes dårleg drenering. Dette er miljøutfordringar som vi gjerne vil sjå nærare på. Dei tiltak som vi ynskte å ta inn i programmet i år, var det ikkje tilslutning til frå SLF si side.

Frå søknadsomgangen 2011 vil vi skilje setertilskot og tilskot til foredling på setra. Dette vil gje meir fleksibilitet for deltakarar på felleseter til å drive foredling og få meir rettferdig utmåling av tilskot til foredlinga dei driv.

Ordningane blir då slik:

580 Eiga seter

581 Eiga seter med foredling av produkt

585 Felles seter

586 Foredling av produkt på felleseter

Vedtak: Styret har ingen merknader til opplegget for i år. Styret hadde von om at hydrologiske tiltak som grøfting kunne kome inn i RMP i fylket. Styret vil arbeide vidare med tiltak for grøfting, og viser til bruken av SMIL-midlar i fleire kommunar.

Styret er glad for at fylkesmannen arbeidet overfor SLF om å få til ein eigen ordning for grøfting.

SAK 38/2011: Lokalmatsatsinga i Møre og Romsdal

Vedlegg: Brev frå styret i Bondens Marknad datert 22. mars

Styret i Bondens Marknad Nordmøre og Romsdal fikk på styremøte 21. mars 2011 en orientering om det nye programmet (Utviklingsprogrammet for matspesialiteter frå norsk landbruk) som har tatt over for VSP-mat.

Vedtak: Saka blir utsett til eit seinare styremøte der vi får ei presentasjon frå Landbruk Nordvest som er sekretariat for prosjekt matmangfald.

SAK 39/2011: Medlemmer av faste utval i Norges Bondelag - Frist 30. mai

Fylkeslaget har kontakta Ivar Grødal og Audun Skjervøy om dei vil vere kandidatar til Grøntutvalet i Norges Bondelag, men dei har ikkje tid.

Vedtak: Styret har ikkje fleire framlegg til kandidatar i år.

SAK 40/2011: Referatsaker

1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving

Medlemsutvikling hittil i år:

Medlemstal 01/01-11: 3.428 **Medlemstal pr 24/05-11: 3.412 - 16**

Nyinnmelde hittil i 2011: 72 Utmeldte hittil i år: 88

Av 9 utmeldte etter jordbruksavtala vart inngått 16. mai, er berre ein utmeldt p.g.a. politikk.

4 utmeldte p.g.a. alder og 4 uoppgitt/andre grunnar.

2 Arbeids- og møteplan 2011-2012

(Dato ajourført: 31. mai 2011)

Haustferie skulen: Veke 40 – 3.-7. oktober 2011. Vinterferie: Veke 8 – 20.-24. februar 2012

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
7. juni	Repr. skapsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Leiar, rådgjevar
8.-9. Jun 2011	Årsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Årsmøteutsendingar + A Erlien
4. – 29. juli	Fellesferie – fylkeskontoret stengt		
21. aug - Søndag	Open Gard		Lokallaga
24.-28. august	Den Norske Matfestivalen	Ålesund	Birgit
31.aug-1.sept	Sekretariatskonferanse	Hønefoss	Heile kontoret
2.-4. sept	Dyregod-dagane stand + evt møte 2. sep	Gjemnes	Kontoret / Myrbostad
17. sept	Oppstartseminar Lokallaga + BKL / BU	Molde	Styra lokallaga
19. Sept	Fylkesstyremøte	Molde	Styret
18. Okt	Fylkesstyremøte		Styret
19.-21. Oktober	Skattekurs: Tema:	Geiranger	Samarb. Rekneskapskontor
15. oktober	Temadag Eigarskifte	Molde	
3.- 21. okt	Årsmøte i lokallaga		Medlemmene/lokallaga
4.-5. Nov	Leiarmøte + styrekurs	Molde	Lokallagsstyra og fylkeslag
11.-13. nov	Nei til EU Landsmøte	Molde Seilet	
25. nov	Søknad Aktivt Lokallagsmidlar		Lokallaga
6.-7. Des	Fylkesstyremøte	Skaret	Styret
2012			
Januar	Fylkesstyremøte		Styret
Jan	Frist for lokallaga forslag til valnemnda		
jan / feb.	Møte i valnemnda		
ca. 1. feb	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		
Feb	Fylkesstyremøte (årsmeld/rekneskap)		Styret
Feb	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		
1. mars	Kontingentforfall		
Mars	Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala)		Styret og samvirket
9.-10. mars	Årsmøte M&R Bondelag	Molde Seilet	Lokallaga, fylkeslaget

3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:

24.-28. august: Den Norske Matfestivalen, Ålesund. Birgit Kjerstad delta stand BKL.

26. – 28. august Midtnorsk Samarbeidsråd fagleg samling under Agrisjå 2011.

2.-4. sep Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Gjemnes: Stand og seminar fredag 2. sep kl 12.00
Samtalemøte ein time med mat t.d. om lokal verdiskaping og næringsutvikling i lys av Landbruksmeldinga med f eks Stig Jakobsen, og to fylkespolitikarar som skal i valkampdebatt der kl 16.00 (NRK). Dette kan bli knytt opp mot lokalvalet til hausten med fylkesordførerkandidatar el a .

5.-7. september: Fylkesmannen si årlege landbrukskonferanse i Geiranger for landbruksforvaltninga. Fylkeskontoret.

8. september 2011 kl 10.00 Prosjekt kornbaserte produksjonar Nortura i Moldehallen 2. etg.

22.-23. september: Leiarkonferanse Norges Bondelag, fylkesleiar, org.-sjef

4 Aktivitetar og møter i lokallaga

5 Referat frå møter og arrangement

1.-2. Mars + 11.-12. april + 3. mai Valkomiteen Norges Bondelag. Inge Martin Karlsvik.

2.-3. april: Årsmøte M&R Bygdekvinneleg, Surnadal Arne Rekkedal, Anne Turid Myrbostad

5. april: Årsmøte Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, Skaret, Molde. Inge Martin Karlsvik.

13.-15. april FK-uka i Molde. Fylkeslaget deltok med stand

6. mai: Opning fjøs på Norsøk, Tingvoll, Gunnar Wentzel. Arne Magnus Aasen. Jens Kr Eikrem. Tingvoll gards nye fjøs til drøye 9,7 millionar kroner vart offisielt opna.

25. mai – Arbeidsmøte om Rekruttering til kraftfôrbaserte produksjonar i M&R

Vedlegg: Referat utdelt på møtet.

Neste møte torsdag 8. september 2011 kl 10.00 hos Nortura i Moldehallen 2. etg.

Møre og Romsdal Bondelag har gått inn for at kraftfôrbaserte produksjonar skulle vere prioriterte på line med storfe ved bruk av investerings-midlane og aktørane i purkeringen få finansiering. Bondelaget ser tiltaket som viktig for å få breiare rekrutteringsgrunnlag til næringa. Det er mjølke- og storfe prosjekt nord og sør i fylket. Næringsstrategien for Møre og Romsdal 2011 seier at ved prioritering av midlar gjennom Innovasjon Norge at kornbasert produksjon skal bli prioritert på line med grasbasert dersom det er marknadsmessig grunnlag for det.

Det ville vore ønskjeleg med tilsvarende målretta satsing på meir storfekjøtt og grasavling.

Gruppa ønskjer å konkretisere eit målbart tal nyetableringar. Målgruppe vil spesielt vere bønder som har gått inn i samdrifter og har ledig arbeidskapasitet og fjøs til nye produksjonar. Det er også bruk med mindre mjølkekvote som kan tenkje seg å skape fleire arbeidsplassar på garden.

Satsingsområde er heile fylket. Varigheit 2-3 år. Viktig at alle organisasjonar løfter saman og snakkar om same utfordring ut frå felles bakgrunnsmateriale. Det er aktuelt å lage felles kort informasjonsmateriale og powerpoint som kan nyttast av alle organisasjonane komande sesong i ein felles kampanje.

Prosjektet kan ta modell av Tine sine mjølkeprosjekt og rettleiingspakke.

Nortura ved Brit Kari Eidseflot Hauger står som ansvarleg og drivar av prosjektet, lager prosjektskisse og budsjett, og kallar inn til neste møte. Medlemmer i styringsgruppa i tillegg til Nortura:

Bondelaget. Norsvin. Fylkesmannen. Evt Felleskjøpet og Gjermundnes.

Det blir etablert eit lite prosjekt med finansiering av BU-midlar og evt andre.

Det er ønskjeleg med målretta oppsøkjande verksemd og rettleiing i vegval med oppfølging slik Nortura har erfaring med.

Pressemelding utsendt og lagt ut på heimesida 27. mai:

Fylket treng nye smågrisprodusentar

Møre og Romsdal ønskjer å rekruttere eit tital nye bønder som driv med smågris i dei komande åra. Siktemålet er å styrke dei kornbaserte produksjonane og halde på eit variert landbruk over heile fylket. Det er ein del bønder som har slutta med mjølkekyr som ønskjer å nytte gode driftsbygg til oppstart av nye produksjonar. Forbruket av svinekjøtt går opp.

Dette er konklusjonen frå ei arbeidsgruppe som Bondelaget i Møre og Romsdal hadde kalla saman i Molde den 25. mai. Det blir etablert eit lite prosjekt som skal arbeide for rekrutteringa. Deltakarane er Nortura, Norsvin, Felleskjøpet, Fylkesmannen, og Gjermundnes VGS forutan Bondelaget.

Purkeringen med navet i Tresfjord har hatt svært stor verdi for å styrke fagmiljøet på gris. I første omgang er kapasiteten i purkeringen fullt utnytta. Med Kornsiloen på Vestnes har fylket eit svært godt utgangspunkt for kornbaserte produksjonar. Gjermundnes Landbruksskule VGS har også grisehus til opplæringa for elever og kurs.

Sjølv om det skjer litt nyetablering kvart år, er det klart at med dagens utvikling vil produksjonen gå ned i fylket. Dei siste 15 åra er talet på bønder med smågris redusert med eit hundre til i dag 45 bruk med avlspurker. I tillegg driv omtrent like mange med berre slaktegris. Også talet på avlspurker har gått jamt ned fordelt på heile fylket. Det er difor spesielt nye bønder som vil drive med avlspurker eller kombinert med slaktegris som er ønskjemålet til arbeidsgruppa.

26. mai -Møte om utbygging av småkraftverk kl 13.00 – 16.00 på Coop Eresfjord, Nesset

Møtet er sikta inn mot grunneiere til vassdrag og politikere i området. Målsettinga er å gi informasjon og drøfte kraftutbygging i området. Også mulighetene for å utnytte småkraftressursene inn i overgangen til landskapsvernområda er aktuelt.

Møteleder: Organisasjonssjef Gunnar K Wentzel om Bondelagets arbeid med småkraftverk og grunneierinteresser.

1 Kort om kraftutbyggingsressursene i Nesset. **Ordfører Rolf Jonas Hurlen.**

2 Kort om bakgrunn for grunneiernes planer om kraftutbygging. Grunneier **Bård Øverås.**

3 Potensiale. Ny teknologi. Lover. Økonomi. Salgssjef **Jarle Lysberg,** Norsk Grønnkraft

4 Drøfting om det vidare arbeidet.

Pressemelding sendt 27. mai : Verneregiane må opne for miljøvenlege småkraftverk

Utbygging av småkraftverk vil bli ei stadig viktigare næringssak for kraftfylket Møre og Romsdal. Dagens reglar for landskapsvern er til hinder for å realisere mange lønsame prosjekt i grenselandet inn mot verneområda. Vassressursane ligg i område med nedgang i folketalet og intenst behov for næringsutvikling. Med små tilpassingar kan ein få til store mengder lokal fornybar grøn kraft.

Dette var tema for eit møte i Eresfjord nyleg i regi av Bondelaget i ein av kommunane som har store kraftressursar. Men i Nesset er over halvparten av potensialet berørt av vern. Bondelaget i Møre og Romsdal og Nesset vil ha ei tilføyning i vernereglane som tillet skånsam utbygging av småkraftverk. Dagens forvaltningsregime og tolking av forskriftene er til hinder for å få fleire lønsame kraftprosjekt. Det same gjeld for sidevassdrag til verna vassdrag.

Ordførar Rolf Jonas Hurlen (H) og hans kollegaer frå ulike parti i Nesset viste til at kommunen i sin næringsplan vil arbeide for utbygging av småkraftverk. Tidlegare LO-sekretær Mellvin Steinsvoll viste til positivt årsmøtevedtak i Arbeidarpartiet i fylket. Det kom fram at kommunen får midlar til næringsutvikling, men avslag på mange konkrete søknader. Det trengst politisk fokus på at dagens utbyggingsmåte gjerne skjer med fjellboring eller nedgraving og helikopterløft slik at vassinntak knapt er synleg i landskapet. Det er ønskjeleg å samarbeide om ein fagleg rapport som grunnlag for endringar i reglane.

Jarle Lysberg frå Norsk Grønnekraft presenterte dagens teknologi. Per Steinar Husby frå Hydroplan i Sunndal viste korleis anlegga dei har i samarbeid med grunneigarar ser ut etter utbygging. Møteleiar Gunnar Wentzel i Møre og Romsdal Bondelag påpeikte at organisasjonen har eit rettleiingsprosjekt som gir råd til bønder også for dei som sjølv vil stå for utbygging og drift. Småkraftverk skjer svært ofte hos bønder som også satser på nye fjøs. Bondelaget vil at fylkeskommunen skal arbeide for å endre regelverket.

Heile 28 % av landarealet i fylket er verna etter Naturvernlova. Då verneområda nord i fylket vart oppretta blei grensene trekt over produktiv skog, mens småkraftverk ikkje var tema. Landskapsverneområda er i stor grad på privat grunn i bygdenære område og med reglar som er like strenge som for nasjonalpark. Elvekraftverk medfører ikkje regulering eller oppdemming. Reglane som opnar for nye kraftliner, men stopper kraftverk som slipp vatnet ut lenger nede i elva er modne for revisjon. Lokalsamfunnet sine interesser er at næring og busetting skal bli kombinert med naturvern rundt landskapsverneområda, meinte møtelyden i Eresfjord.

6 Orienteringssaker

6.1 Har Møre og Romsdal Bondelag gått enstemmig frå forstanden? Jfr Årsmøtevedtak.

Vedlegg: Lesarinnlegg frå Vegard Øverås Lied i Romsdals Budstikke 30. mars og 7. april

M&R Bondelag sendte 6. april dette tilsvaret til Romsdals Budstikke:

Enstemmig forstand

Småbarnsfar Vegard Øverås Lied fra Nesset leverer et varmt og engasjert innlegg for at mange skal bosette seg på bygda. Om nødvendig må det være mulig å fradele tomter på og ved dyrka mark, mener han. (Lesarinnlegg Romsdals Budstikke 30. mars.) Lied ber innstendig om at Møre og Romsdal Bondelag gjør en kuvending.

Bondelaget sentralt og i fylket har bedt om at myndigheten til omdisponering av dyrka jord blir flyttet fra kommune og tilbake til fylkesmannen. All erfaring tilsier at i både by og bygd kan penger og kjente lett veie mer enn de lange linjene i en nasjons politikk. Derfor har vi sentrale bestemmelser på mange områder. Vi ser at en del grunneiere ønsker å fradele sin grunn til hus og hytter inntil jordbruksareal. All erfaring viser også at blanding av boliger og landbruk eller industri blir et problem på sikt.

Bøndene ønsker seg naboer, venner og liv i bygda. Vi tror ikke hensynet til matjorda hindrer utviklinga i bygdene. Men mange bønder føler en økende belastning ved å drive med husdyr tett inntil bolig- og hytteområder. Vi vet bare om noen få bygder med stor rasfare som mangler alternative hustomter.

Det politiske målet om halvering av nedbygginga av matjord siste tiår ble aldri nådd. Møre og Romsdal er versting etter Rogaland. Landet vil trenge stadig mer matjord når vi er en million flere nordmenn om 20 år. Matvareknapphet i verden vil bli dramatisk forverret av vekst i folketall og økonomi, mangel på vann, gjødsel og miljøproblemer.

Matjord og utmarksressurser vil bli et stadig viktigere grunnlag for liv og lyst i bygdene. - Så må vi leve med det paradoks at vi i Bondelaget, liksom bygdefolk i Nesset og andre steder, arbeider for at kommunene skal forvalte og skjøtte natur- og verneområder fordi de er bedre egnet til det enn fylkesmann og andre statlige organ.

Inge Martin Karlsvik, leder Gunnar K Wentzel, organisasjonssjef

6.2 Innsamlingsordning for landbruksplast

Frå lokallagsleiar har Møre og Romsdal Bondelag fått spørsmål om prisen de får for returplast og at det må betalast for plast som ikkje er pressa i buntar. Dette har ført til at oppslutninga om innsamling av landbruksplast har blitt mindre. Fylkeslaget har kome medkommentarar:

Det er Grønt Punkt Norge (GPN) som forvaltar ordninga med retur av landbruksplast. GPN har inngått avtale med dei fleste avfallsselskap i Norge. Avfallsselskapa forpliktar seg til, mot kompensasjon finansiert av miljøavgifta, å ta imot landbruksplast utan vederlag og å levera den til gjenvinning. Frå nyttår har miljøavgifta vore kr 1,35.

I avtalen som GPN har med avfallsselskapa er det ikkje krav om at plasten skal vera pressa ved ankomst mottaksstasjon. Når det gjeld krav om pressing ved levering hentestasjon, er dette ei sak mellom dei som organiserer innsamlinga til henteplassen og avfallsselskapet.

GPN vil gjerne ha melding om denne type avvik. Kontaktperson er Sverre Huse-Fagerli, tlf 488 94 993, sverre@gpn.no. Bruk gjerne avvikk skjema på <http://www.grontpunkt.no/html/avviksskjema-for-plastinnsamling>

Det er sjeldan at avfallsselskap direkte betalar for returplast.

Meir info om sjølve ordninga finn ein på [:http://www.grontpunkt.no/innsamling-og-gjenvinning/naeringsliv/landbruk](http://www.grontpunkt.no/innsamling-og-gjenvinning/naeringsliv/landbruk).

6.3 Saker frå Bygdekvinnelaget

A: Møre og Romsdal Bygdekvinnelag heldt årsmøte på Vårsøg Hotell i Surnadal, laurdag 2. og søndag 3. april 2011 med 47 utsendingar frå heile fylket.

Christine Strandmann, Ålesund, vart vald til ny leiar for Møre og Romsdal Bygdekvinnelag etter Solveig Linge Stakkestad. Gunda Bele, Åndalsnes, fortsett som nestleiar, og styremedlemmane Karin M. Vartdal, Vartdal, Bodil Heggset, Surnadal og Marie Walseth, Ålvundeid var alle nyvalde på årsmøtet.

Laurdag var det og arrangert open konferanse med tema bygdekvinnelaget opnar bygda. Prosjektet Bygdekvinnelaget opnar bygda er tema for arbeidet i år og neste år. Målet er å bidra til at bygda blir meir open, inkluderande og rausare i møte med tilflyttare frå inn – og utland.

Björg Bruset frå Appareo Kommunikasjon var møteleiar og ordførar i Surnadal, Mons Otnes og leiar i Møre og Romsdal Bygdekvinnelag, Solveig Linge Stakkestad ønskte velkommen til konferansen.

Innleiar var prosjektleiar Ingrid Grene Henriksen frå Norges Bygdekvinnelag som klargjorde at gjennom prosjektet "Bygdekvinnelaget opnar bygda" ønskjer Bygdekvinnelaget å bidra til at bygdene har en god "ta-imot-kultur".

Innleiar Synnøve Valle som var prosjektleiar for Prosjektet "Frivillige organisasjonar i samfunnsbygginga" som handla om korleis kommunane kunne leggja til rette for frivillig arbeid. Ho vil også knytte linjer mot arbeidet med bygdemobilisering.

Olaug Haugen, rådmann Averøy kommune innleidde om tema inkludering av tilflyttarar.

B: Møre og Romsdal Bygdekvinnelag Landbruk Nordvest, og Romsdalsmuseet inviterer til tre dagsseminar i månadsskiftet mai/juni. Målet er å verte betre kjend med lokale rettar, dokumentere desse og presentere rettane under Matfestivalen i Ålesund i august. På sikt håper ein at kunnskapen kan gje grunnlag for å setje nokre av rettane ut i produksjon og sal. Seminara vert haldne i Surnadal, Molde og Ørsta. Av innleiarar på seminaret er tidlegare konservator ved Romsdalsmuseet, Bjørn Austigard, direktør ved Romsdalsmuseet, Jarle Sanden og leiar for "Prosjekt Matmangfald", Stein Brubæk.

6.4 Saker frå Bygdeungdomslaget

6.5 Saker lagt ut på M&R Bondelag si heimeside - www.bondelaget.no/moreogromsdal

Heimeside 27.04 Rekruttering i Halså: 2 mill liter mjølk og 1000 storfe på 1500 meter bygdeveg

Det skjer rekruttering og samarbeid i Halså kommune: På 1.500 meter bygdeveg produseres to millioner liter mjølk og det er nærmere ett tusen storfe.

Heimeside 26.04 Bondelaget fekk støtte i rovviltnemnda

Rovviltnemnda i Midt-Norge sitt vedtak torsdag før påske om at heile Trollheimen skal bli prioritert beiteområde for sau, og ikkje yngleområde for jerv, er heilt i tråd med tilrådingane Møre og Romsdal Bondelag har teke til orde for i mange år. – Vi er glad nemnda støttar vårt syn, seier organisasjonssjef i Bondelaget, Gunnar Wentzel.

Heimeside 15.04 Kva blir det neste?

Fiskeri, oppdrett og ein jakt- og fangstkultur, har til alle tider vore ein viktig del av livsgrunnlaget i Vest-Norge. Dyrevernalliansen har vunne sin første siger etter ein overraskande uttale frå Landsmøtet i Arbeidarpartiet. Den tilrår gradvis avvikling av pelsdyrhald. Kva blir deira neste mål? Det skriv fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Gunnar Wentzel i eit lesarinnlegg.

Heimeside 15.04 Nesten 29 millionar kroner til investeringar i landbruket

Innovasjon Norge har fått tildelt nesten 29 millionar kroner i tilskott til bedriftsretta tiltak i landbruket i Møre og Romsdal. Det aller meste av desse midla vil gå til fornying av driftsbygningar i næringa. I tillegg vil midla verte brukte til å støtte bønder som vil bygge ut verksemd i tilknytning til gardsdrifta på bruket, til dømes Inn på tunet-tiltak eller vidareforedling av mat.

Heimeside 09.04 "Yes we can!"

"Når sant skal seiast er det eit fantastisk ykre!" - Dette spontane utbrotet frå leiar Jan Arild Stokke på møte i Hustad Bondelag var sett som tittel for Landbrukskonferansen i Molde nyleg. Tema som arrangørane Bondelaget, Fylkesmannen og Landbruksrådgjevinga hadde sett var Rekruttering - Kunnskap - Verdiskaping. Styreleiar i Landbruk Nordvest, John Helde, oppsummerte med å seie at vi har eit fantastisk yrke i eit flott fylke. - Dyr å byggje, Tja, det blir aldri billigare. Så vær snar ut og bygg. God agronomi blir aldri umoderne. Våre samvirkeorganisasjonar er truga. Ein er reist. Vi må slutte opp om det vi har i fylket. Mulegheiter innan gris, egg og kylling. – Yes we can!

Heimeside 07.04 "Tre kvinner i Bondelaget!"

Det var kvinnene som dominerte Landbrukskonferansen som vart arrangert i Molde nyleg av Bondelaget, Fylkesmannen og Landbruk Nordvest. Medlemene i Næringskomiteen på Stortinget, Else-May Botten, Ap, og Rigmor Andersen Eide, KrF, saman med Jenny Klinge, Sp var alle opptekne av at vi må produsere meir mat her i landet. Og jordvernet. Den unge fylkessleiar i Bondelaget, Inge Martin Karlsvik, sa etter innleiinga frå politikarane at om han ikkje visste kor dei tre kom frå, hadde han trudd det var tillitsvalde kvinner i Bondelaget. - Representantane svarte at de jo hadde vært i skole med bondelaget.

Heimeside 07.04 Else-May Botten, Næringskomiteen: Vi må produsere meir mat - De får nok å gjere framover!

- De får nok å gjere framover. Matproduksjonen må auke i takt med folketalet. Det må løne seg å produsere mat. Produktutvikling og innovasjon gjer at auka sjølvberging er realistisk. Næringsmiddelindustrien er den nest største industrigreina i landet. Dette sa stortingsrepresentant Else-May Botten, Ap, Næringskomiteen, på den store årlege Landbrukskonferansen som ble arrangert i samband med årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag i Molde nyleg.

Heimeside 01.04: Utbygging av småkraftverk inntil landskapsvernområde

Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag slutta seg til forslaget frå Nesset Bondelag om å be fylkeskommunen ta opp reglane for landskapsvernområde med staten slik at det blir høve til å ha inntak av vatn til småkraftverk innanfor vernegrensa. Dette kan vere ein føresetnad for å få økonomi i små prosjekt der høgde på fallet er avgjerande. Då mange av dei store verneområda var oppretta, var småkraftutbygging ikkje tema.

Heimeside 31.03: Mange unge satsar på Nordmøre

Fylkesbondelaget merkar seg at mykje skjer på Nordmøre og mange unge satsar i næringa. I samtaler og besøk hos bønder fekk fylkestyret mange gode inntrykk, orienteringar og tilbakemeldingar på sin utferd til Sunndal, Surnadal og Halså mandag 28. og tysdag 29. mars. Det var mange ulike tema og besøk, som m.a. potetproduksjon (biletet), kraftverk, oksefjøs, landbrukskontor, gardsslakteri og nydyrking.

Heimeside 31.03: Kommunen vedgår feil i det digitale kartverket

Etter at Hjørundfjord Bondelag stilte spørsmål rundt oppmålinga av dei kommunale vegane i dei digitale karta, har Ørsta kommune sett nærare på saka og seier at det kan vere feil i breidda på vegane. - For å løyse problemet må vi inn og måle manuelt, seier Gunnar Øye på teknisk etat (MØRE-NYTT)

Heimeside 30.03: Tror på landbruket som kraftleverandør

Norsk landbruk skal innen 2030 være uavhengig av fossilt brennstoff. - Et særdeles ambisiøst mål, sier Inge Martin Karlsvik. Lederen i Møre og Romsdal Bondelag tror imidlertid landbruket har forutsetninger for å bli en nettoliverandør av fornybar energi slik målet er. Mandag besøkte han, sammen med resten av fylkestyret og administrasjonen, Nordvik Kraft i Surnadal for å se på kraftverket som grunneierne der sammen har reist (TIDENS KRAV)

6.6 Investeringsverkemidla i Møre og Romsdal – e-post frå eit medlem 8. mai 2011

Vi er fire bondelagsmedlemmar som driv mjølkeproduksjon og som i lengre tid har vurdert framtida til drifta på gardane våre. Vi har kvotar frå ca 75000 til 150000, tilsaman ca 450000. To av bruka har slutta å produsere mjølk, men har framleis kvoten i behald. Dei andre to bruka produserer for fullt, men har både driftsbygningar og driftsopplegg som ikkje er framtidssretta. Vi har, som mange andre, kome til at det ikkje økonomi i å gjennomføre naudsynte utbyggingar kvar for oss. Vi har også kome til at om det hadde vore økonomi i dette, så ville vi framleis ha det same driftsopplegget som i dag utan ordna arbeidstid og nesten ikkje fritid. Dette ønskjer vi ikkje å halde fram med, og vi har difor planlagt etablering av samdrift og bygging av ny felles fjøs. Søknad om finansiering vart sendt til Innovasjon Norge våren 2010, og vi ventar svar på behandlinga av den no med det første.

Tidlegare i år vart vi kjend med at det skulle kome endringar i opplegget for rentestøtte, og signala vi fekk var at begrensinga på 3 mill. skulle fjernast. Dette skapte begeistring og endå større optimisme om prosjektet vårt, då vi såg for oss at vi kunne ha mulighet til å få rentestøtte på nesten heile lånebeløpet vårt. Overraskinga og skuffelsen var difor stor når vi denne veka fekk melding frå Innovasjon om at det i Møre og Romsdal var sett eit tak på beløpet for rentestøtte på 4 mill. Dette forsterka seg ytterlegare då vi oppdaga at våre nabofylke både i nord og sør ikkje har denne begrensinga.

Eg er kjent med at det er Møre og Romsdal Bondelag som har ønska å setje denne begrensinga på 4 mill. Dette kan eg ikkje forstå kan vere rett. Det kan umulig vere slik at Bondelaget arbeider imot slike prosjekt som vi no planlegg? Det er vel heller Småbrukarlaget som står for ein slik politikk? Eg reknar med at ei så viktig sak har vore mykje diskutert i styret i MR Bondelag og at det er eit styrevedtak på det. Eg ber difor om informasjon om kva vedtak som er gjort.

Svar som også var vedlagt vår uttale om investeringsmidlar til Jordbruksforhandlingane:

Vi set stor pris på å få tilbakemelding med reaksjonar på investeringsmidlane, og positivt å høyre om planane dykkar. Fylkeslaget har vore svært engasjert i saka i alle år og teke det opp i orienteringar i dei fleste lokale møte. I alle våre krav og kommentarar har vi mast på behovet for meir midlar sidan dei har vore oppbrukt tidleg på året i dei fleste år. Norges Bondelag har nok merka seg maset vårt utan at det har hjulpet så mykje på ramma. Berre under finanskrisa fikk vi ei tilleggsløyving som hjulpte litt.

Fylkeslaget ved leiar er med å bestemme den såkalla Næringsstrategien for fylket.

Du spør om taket på rentestøtte spesielt. Styret gjorde 22. februar i år slikt:

Vedtak: Styret går inn for eit tak på rentestøttelån.

Underforstått at taket skulle liggje over fjoråret. Kor taket nøyaktig skulle liggje er avhengig av kor vi får best balanse mellom løyvingane til investeringstilskot og forbruket av rentestøttelån. Dette er to ulike postar som ikkje kan overførast. Dette har difor også vore eit sentralt moment for tilrådinga frå Landbruksavdelinga som er reknemeistrane på dette. Utan tak vil vi ha brukt opp løyvingane på nokre få saker i året, og har difor sett behov for å strekkje dei til fleire. Elles ville dei som tilfeldigvis havna under i bunken ikkje kome med på lang tid. Evt ikkje få rentestøtte i det heile, berre tilskot slik som også har vore situasjonen på slutten av einskilde år.